

# Referat SU 24/25

29.oktober 2024

Referent: Kjersti Hatletun

Desse møtte: Anais Landro-Messent (elevråd), Emilia Maurens (elevråd), Maria Oen Hanstveit (foreldrerepresentant), Tom Rønshaugen (FAU-leiar), Lars Kvalem og Vibecke Spjeld (pedagogisk tilsett), Britt Laila Ormevik (andre tilsette), Martha Listou (rektor), Kjersti Hatletun (avd.leiar), May Britt Heggholmen (politisk representant)

Meldt fråfall: -

Sak	Kort om saka	Ansvar
1	<b>Godkjenning av innkalling</b> -Ingen merknader	
2	<b>Konstituering</b> -Martha Listou er leiar -Britt Laila er nestleiar -Kjersti Hatletun er sekretær	
3	<b>Møteplan og årshjul</b> Planlagte møter utover skuleåret: -Tysdag 10.desember 17.00-19.00 -Tysdag 11.februar 17.00-19.00 -Tysdag 29.april 17.00-19.00	
4	<b>Saker frå elevane</b> -Elevane ønsker seg fleire fotballar og basketballar.  -Elevane har ønske om kortbetaling i kantina. Kommentar frå tilsett; Skulen har forsøkt dette før, men den gongen vart det for tidkrevjande. Dette er ei stund sidan, og ting kan ha endra seg. Andre skular har kortbetaling. Skulen kan undersøke med desse korleis dei løyser situasjonen. Slik det er no har Tranevågen klippekort i kantina. Dette fungerer greitt. Også føresette melder at dette fungerer fint. Korta må stemplast på baksida, for å unngå misbruk av korta.  -Elevane ønsker seg mikrobølgemn på kvar base. Kommentar frå rektor; Vi ønsker ikkje å plassere omnar på basene då det er viktig at vaksne har tilsyn med dette (HMS). Vi kan vurdere å skaffe fleire mikrobølgemnar til å setje i kantina.  -Det er utfordrande med mykje kø i kantina. Mange snik i køen, og dette skapar frustrasjon. Rektor har vore i elevrådsmøte for å	

	<p>diskutere denne utfordringa med elevrådet. Vi har landa på å forsøke å regulere køen med sperrebandal. Mikrobølgemn og vannkokar plasserast på eit trillebord nær heisen, i staden for ved kantinediskens. På den måten kan vi dele opp køen på ulike stadar. Elevrådsrepresentantar skal rundt i klassane for å orientere om dette. Det kan fungere betre enn om dei vaksne går rundt i klassane.</p>	
5	<p><b>Saker frå FAU</b></p> <p>-Natteramnar Ordinga skal starte opp att. FAU ønsker å nytte Vigilo til å informere føresette ved skulen.</p> <p>-Skulebruksplanen FAU har sett på dette, og skrive kommentar. Dette sendast kommunen.</p> <p>Skulebygget / uteområda; Det er ønske om at elevane har fleire stader ute med tak over enn dei har tilgang på no. Føresette ønsker at elevane må ut i friminutta. Vidare reagerer føresette på at opne basar ved skulen fører til mykje støy.</p> <p>Det er kommentert at kjøkenet ved skulen er for lite, halve klassar må ha undervisning på Ågotnes barneskule.</p> <p>Det er også kommentert at Åse-avdelinga har for få rom.</p> <p>Personalgarderoben har berre tre toalett. Dette er for lite.</p> <p>Kommentar frå rektor; På basen nede er det laga lettveggar som skjermar noko for støy i open base. Dette skal også gjerast på dei andre basene, men tiltaket må vente til nytt budsjettår. Skulen opplever sambruk av bygg med Ågotnes barneskule som velfungerande, sjølv om det hadde vore ønskeleg med nok rom til å ha all undervisning på vårt eige bygg.</p> <p>Kommentarar frå elevane; Opplever ikkje så stor forskjell på open og lukka base. Elevane reagerer ikkje på støyutfordring.</p>	
6	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>-Utfordringar på skulebussane. Skyss klagar på at elevar bråkar og nyttar stopp-knappen i utide. Nokre gonger skapar dette trafikk-farlege situasjonar. Skulen har gjort ei kartlegging blant elevane, og det kjem fram kva elevar som lagar uro på bussane. Desse elevane kjem til å verte snakka med.</p> <p>-Referat frå SU skal i år leggjast på nettsida til skulen. Dette kan også gjerast med referat frå FAU dersom det er ønskeleg.</p> <p>-Miljøavdelinga ønsker fleire spel og ballar til friminuttaktivitet. Rektor kommenterer at det no er innkjøpstopp i kommunen, og det</p>	

	<p>er vanskeleg å finne økonomisk rom for meir utstyr. Elerådet har noko pengar til gode etter vinterball. Dei kan vurdere om dette er noko dei vil bruke pengar på. Elevrådet vil behandle dette som ei sak.</p> <p>-FAU har snakka om utfordrande bussruter nordover i kommunen. Mange busser går særstidleg, eller elevar må krysse vegen der det opplevast som vanskeleg. Kanskje kan representant frå Skyss delta på eit FAU-møte? Terminalen ved skulen opplevast som trang og smal, og skulebussane frå skulen er ikkje godt nok merka. Dette fører til unødig trengsel ved den øvre terminalen etter skuleslutt.</p>	
7	<p><b>Sakar knytt til det psykososiale skudemiljøet.</b></p> <p>-Referatførast ikkje.</p>	

## 10.desember 2024

Referent: Kjersti Hatletun

Desse møtte: Maria Oen Hanstveit (foreldrerepresentant), Tom Rønshaugen (FAU-leiar), Lars Kvalem og Siw-Nancy Fjæreide (pedagogisk tilsett), Britt Laila Ormevik (andre tilsette), Martha Listou (rektor), Kjersti Hatletun (avd.leiar), May Britt Heggholmen (politisk representant)

Meldt fråfall: Vibecke Spjeld

Møtte ikkje: Anais Landro-Messent (elevråd), Emilia Maurens (elevråd),

Sak	Kort om saka	Ansvar
8	<p><b>Godkjenning av innkalling og referat</b></p> <p>-Kommentar til innkalling på at saksnummer ikkje stemmer i høve til førra saksliste.</p> <p>-Referat ligg i SU-disken, samt at dei vert lagt ut på heimsida.</p>	
9	<p><b>Saker frå elevane</b></p> <p>-Rektor orienterer om at ho snakka med elevrådet i går i høve til høyringsutkast til skuleregular. Dei skal også uttale seg.</p> <p>-Elevrådet fekk også skryt for at dei har vore rundt i klassene for å orientere om nye reglar / tiltak i høve til kø i kantina.</p> <p>Kø-problematikken er betre no. Tiltaka har fungert godt.</p>	
10	<p><b>Sakar frå FAU</b></p> <p>-Støy på bussen har vore teke opp i FAU.</p> <p>-Det har vore snakka om busstilbodet nordover. På måndagane er det nokre elevar som kryssar vegen for å kome til bussen. Dette skuldast seinare skulestart og det har vore meldt at det er ønskeleg</p>	FAU tek kontakt med Skyss i høve til eventuell endring av bussrutene.

	<p>at skulen startar 08.15 også måndag. Det kan imidlertid sjå ut til at det finst ein annan buss dei kan ta, men nokre elevar vel den seinaste bussen.</p> <p>-Høyringsutkasta i høve til skuleregler og permisjonsreglement har vore teke opp.</p>	
11	<p><b>Høyringsutkast frå kommunen:</b></p> <p><b>Nye skuleregler</b></p> <p>Kommunen skal lage nye skuleregler som skal gjelde for alle skular i kommunen. Det er utkast ute på høyring. SU har følgande kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Det er ønskeleg å behalde regelen om at elevane skal nytte innesko på skulen.</li> <li>-Bør “høveleg kledd i timane” endrast til “høveleg kledd i skuletida”?</li> <li>-Ein bør legge til “oppbevare” rusmidlar under åferd som ikkje vert akseptert.</li> <li>-Forslag om nytt punkt under åferd som ikkje vert akseptert: “det er ikkje lov å oppføre seg på ein måte som gjer det utrygt for blant anna bussjåfør..”</li> <li>-Kommentar i høve til sanksjonar: “Midlertidig eller permanent klassebytte” + “utvising frå skulebuss” + “tildeling av friminutt på andre tidspunkt enn medelevar”.</li> <li>-FAU kommenterer at alle elevar bør varslast dersom elev vert utvist for enkelttimar eller resten av dagen (det står no berre 1.-7.trinn).</li> <li>-Ein bør vurdere å inkludere at føresette må hente elevar ved alvorlege brot på reglar under skuletur.</li> <li>-Meir utfyllande kommentarar i raud farge i høyringsutkastet.</li> </ul> <p><b>Forskrift om permisjon</b></p> <p>-Kvar går grensa for utskrivning av elevar? Bør det stå noko om dette i denne forskrifta?</p> <p><b>Forskrift om hovudmål</b></p> <p>-Kva ligg i “skriftleg kommunikasjon med elevar og føresette”?</p> <p>Forslag til endring i raud skrift i høyringsutkastet.</p>	
12	<p><b>Trygg og god skuleveg</b></p> <p>-Det har vore fleire ueheldige hendingar på skulebussen. Det er særleg bussen som går til Åse som er problematisk. Bussjåfører har vore sjikanert og plaga. Elevar filmar samstundes.</p> <p>-I går vart ein av sjåførane så plaga at vedkomande valde å køyre elevane til Straume i staden for planlagt destinasjon.</p> <p>-Skulen er i tett kontakt med Skyss i høve til å løyse utfordringa.</p> <p>-Elevar som allereie er identifisert er blitt snakka med og føresette er kalla inn til samtale. Om åferden held fram vil vi utvise elevar frå skuleskyssen.</p> <p>-Representant frå Skyss kan kome på eit FAU-møte for å snakke om skuleskyssen.</p>	
13	<p><b>Sakar knytt til det psykososiale skudemiljøet.</b></p> <p>-Referatførast ikkje.</p>	

## 11.februar 2025

Referent: Kjersti Hatletun

Desse møtte: Eirik Bell, Sonja Larsen (foreldrerepresentantar), Tom-Henning Rønshaugen (FAU-leiar), Lars Kvalem og Vibecke Spjeld (pedagogisk tilsett), Britt Laila Ormevik (andre tilsette), Martha Listou (rektor), Kjersti Hatletun (avd.leiar), May Britt Heggholmen (politisk representant), Anais Landro-Messent (elevråd), Petrine Vindenes (elevråd)

Sak	Kort om saka	Ansvar
14	<b>Godkjenning av innkalling og referat</b> -Rektor har endra saklista etter utsending då det dukka opp nye sakar like i forkant av møtet. Det kom ingen innvendingar på dette.	
15	<b>Saker frå elevane</b> -Elevane ønsker å kunne bruke bankkort i kantina. Rektor kommenterer at dette har skulen forsøkt før, utan større hell. Betalingsterminalen fungerte dårleg og det drog ut i tid. Det førte til lange køar i kantina, og ikkje alle elevane fekk handle før storefri var over. I tillegg har det vore utfordrande at elevane må ha ut mobiltelefonene sine dersom dei skal nytte elektroniske betalingsmidlar. Skulen kan ikkje ta imot kontantar. Kantinekorta vi har no er den raskaste og billigaste metoden vi har nytta til no. -Elevrådet er i god gang med å planlegge vinter/vårball for elevane. Meir informasjon om dette under "eventuelt".	
16	<b>Saker frå FAU</b> -Nokre føresette har reagert på at plandagen denne månaden var flytta. Dette førte til kluss med skulebussane. Rektor kommenterer at beskjeden var gitt til Skyss, men at dei hadde gjort ein feil. Foreldre kommenterer at nokre elevar (av dei som ikkje har innvilga skuleskyss) gjerne tek skulebusser som høyrer til andre skular. Dette kan føre til utfordringar når ikkje plandagane samanfell med andre skular. -FAU har snakka om korleis ein kan organisere eventuelle klassekassar. Meir informasjon om dette under "eventuelt".	
17	<b>Budsjett 2025</b> -Budsjettet er ikkje endeleg, men noko er avklart. -Det vert meir midlar til fysiske bøker. Tranevågen har allereie fysiske bøker i mange av faga. -Det vert meir midlar til meir praktisk undervisning i klasseromma, med særleg fokus på matematikk og naturfag. -Vikarbudsjettet vert auka noko. -Elevtalet kjem til å synke noko til neste skuleår, men ser ut til å auke att etter dette. -Førre skuleår gjekk Tranevågen med underskot. Årsaka var mykje vikarutgifter, samt kjøp av elevplassar på alternative arenaer då det var naudsynt av omsyn til enkeltelevar. -Skulen nyttar ein del midlar på alternative arenaer (TAM,	

	Ulvesethtunet, Leite gard og Kjell Rune Pedersen).	
18	<p><b>Tilsyn</b></p> <p>-Tranevågen har vore gjennom to ulike tilsyn denne hausten.</p> <p>-I det eine av tilsynet vart praksis knytt til alternative arenaer granska av statsforvalter. Skulen sin praksis er godkjent, medan PPT har fått kommentar om å endre praksis på utforming av sakkunnige uttalar i dei aktuelle sakene.</p> <p>-Kontrollutvalet i kommunen har bestilt ei gransking knytt til system for arbeid med "trygt og godt skolemiljø". Deloitte har fått oppdraget og skulen måtte sende ut ein god del dokumentasjon på system, samt at både lærarar og rektor vart intervjua. Tre skular i kommunen var trekt ut til denne granskingsa. Dette tilsynet har vi enno ikkje fått tilbakemelding på.</p>	
19	<p><b>Nasjonale prøver og elevundersøkinga</b></p> <p>-Skulen hadde fokus på desse resultata på plandagen i går.</p> <p>-Nasjonale prøver vert gjort på 8. og 9.trinn og testar grunnleggjande dugleikar.</p> <p>-Nasjonale prøver viser at dagens 9.trinn har utvikla seg i lesing sidan førre skuleår, medan rekning ikkje har like gode resultat. Engelsk vert berre målt på 8.trinn, ikkje på 9.trinn.</p> <p>-Resultata på 8.trinn viser resultata knytt til opplæringa som er gitt på barneskulane. I systemet kan ungdomsskulen sjå kva avgjevarskule elevane kjem frå.</p> <p>-Tranevågen har planar om å starte opp att systematisk samarbeid med barneskulane i krinsen slik at vi kan jobbe betre saman i høve til grunnleggjane dugleikar.</p> <p>-Elevundersøkinga frå Udir er obligatorisk på 10.trinn, men Tranevågen kører undersøkinga på alle trinn.</p> <p>-Det er ikkje tilfredstillende tal på motivasjon, elevdemokrati, vurdering for læring og yrkesrettleiing.</p> <p>-Elevane er nøgd med faglege utfordringar.</p> <p>-Elevane melder at dei trivst på skulen, og at dei får god støtte både frå lærarar og frå heimen.</p> <p>-Skulen har fått særsla gode tal på utvikling på skolemiljø frå førre skuleår, men dette skuldast ei feilkilde i tala frå i fjar.</p> <p>-Rektor vil ta opp resultata frå elevundersøkinga i elevrådet for å arbeide med tala og gjerne få ei betre retning på utviklinga.</p>	
20	<p><b>Skuleruta 2025-2026</b></p> <p>Denne var på høyring i forkant av det første SU-møtet dette skuleåret, og er vedteke utan at skulen har uttalt seg. Skuleruta til Tranevågen vil altså ikkje skilje seg frå den kommunale skuleruta neste skuleår.</p>	
21	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>-Vinterballet er blitt til vårballet. Det er flytta til 3. april grunna at det kom i konflikt med energimessa. Det skal setjast opp vaktlister. Føresette må stille med fire vakter per klasse. Det er kome inn noko sponsormidlar. Det skal vere gratis inngang for elevane. Korleis elevane skal betale for mat og drikke er framleis uklart. Elektronisk betaling er utfordrande når born under 15 år skal betale for noko.</p>	

	<p>-ROBUST-bustadar. Det er kome framlegg om slike bustadar blant anna i nærlieken av Ågotnes. Ofte har bebuarar i slike boligar utfordringar med rus eller psykiatri, og dei bør ikkje plasserast i nærlieken av skule / barnehage. Dette kjem fram i vilkåra for plassering. Plasseringa av bustadane er på høyring no. FAU vurderer å sende ei uttale. Dei vil uttrykke skepsis til plassering i nærlieken av Ågotnes. SU kan også sende ei uttale.</p> <p>-Klassekassar og foreldrestyrt klasseseturar. For fleire år sidan fekk kommunen tilsyn på foreldrestyrt klasseseturar. Dette var eit brot på gratisprinsippet, og førte ofte til konfliktar i foreldregruppene. Seinare har kommunen kosta skuletur for elevar på 10.trinn. Det har også vore tenkt ei overnattingstur på 8.trinn, men dette har det vore varierande økonomi til, og utforminga av desse har vore ulik frå skule til skule. Tranevågen forsøker også å sende 9.trinn på ein ekskursjon.</p> <p>Fleire foreldregrupper spør om å få opprette klassekasse for å ta elevane med på tur. Dette treng vi retningslinjer for. Dersom det vert oppretta klassekassar må det vere frivillig å betale inn til desse. I nokre tilfelle organiserer føresette turar for enkelte klassar. Dette fell ofte uheldig ut då det fører til ei urettferdig fordeling av aktiviteter / turar blant elevane. I samband med dette vert det ofte samla inn pengar ved til dømes sal av ulike varar. Dette vert då eit brot på gratisprisippet. Slike turar kan også vere utfordrande for lærarar å vere med på, noko som kan setje tilsette i kjedelege situasjonar.</p> <p>Andre skular har erfaring med å fase ut organisering av klassekassar og turar til FAU. FAU ved Tranevågen skal diskutere dette på neste møte.</p>	<p>FAU-leiar kan kontakte FAU ved Landro skule for å undersøke om det skal sendast noko felles uttale om ROBUST-bustader.</p>
22	<p><b>Sakar knytt til det psykososiale skolemiljøet.</b> -Referatførast ikkje.</p>	

29.april 2025

Referent: Kjersti Hatletun

Desse møtte: Maria Oen-Hanstveit (foreldrerepresentantar), Tom-Henning Rønshaugen (FAU-leiar), Lars Kvalem og Vibecke Spjeld (pedagogisk tilsett), Britt Laila Ormevik (andre tilsette), Kjersti Hatletun (avd.leiar), Anais Landro-Messent (elevråd), Emilia Maurins (elevråd)

Meldt fråfall: May Britt Heggholmen (politikar), Martha Listou (rektor)

Sak	Kort om saka	Ansvar
-----	--------------	--------

23	<b>Godkjenning av innkalling og referat</b> -Ingen kommentarar.	
24	<p><b>Sakar frå elevrådet</b></p> <p>-Elevrådet har arrangert vårball. Det var ca 260 deltagarar. Arrangementet gjekk fint. Lars kommenterer at elevrådet har gjort ein god jobb. Det vart arrangert fine leikar. Det vart ingen kåring då dette var for lite gjennomarbeidd i forkant. Det vart litt overskot av mat, men drikke var gjerne litt for lite av. Det vert vidare kommentert at dersom ein skal ha sponsorer må vi sikre at bedriftene får den informasjonen dei treng. FAU opplevde at arrangementet gjekk fint. Det var mange foreldrevakter. Politiet var innom arrangementet.</p> <p>-Elevråd får spørsmål om det er noko Tranevågen kan gjere betre (med tanke på at elevane straks skal over i vgs). Elevane har ikkje noko umiddelbare tips. Dei trivst godt på Tranevågen og opplever at det er ein god plass å vere.</p>	
25	<p><b>Sakar frå FAU</b></p> <p>-Økonomi. Kommunen må spare inn. FAU har hatt ein dialog med rektor i høve til konsekvens av dette.</p> <p>-Elevundersøkinga. FAU har sett på denne. Det er viktig at skulen nyttar resultata på ein god og riktig måte.</p> <p>-FAU har snakka om korleis foreldrekontaktar kan støtte opp under miljøarbeid på skulen med til dømes ulike arrangement. Det har vore snakka om korleis ein kan få fleire av dei føresette til å engasjere seg. Det er ofte dei same føresette som stiller opp, men det er ønskeleg å få flest mogleg på banen.</p> <p>-Klassekasser. Om dette er noko klassane skal ha treng vi å få føresette til å bidra jamnt. Dette er utfordrande å få til.</p> <p>-Overnattingsturar med klassar. Kan føresette bidra med dette, eller ikkje? Det er utfordrande når nokon klassar får det til og andre ikkje. For skulen er det utfordrande å sende lærarar på overnatting. Dette vil koste ekstra. Dersom føresette skal overnatte saman med elevgrupper kreves det at dei har levert politiattest i forkant.</p> <p>-Det er utfordrande å få til større foreldrearrangement. Til dømes er det vanskeleg å få nok folk til å gå natteravn. Av omlag 50 foreldre, er det no tre stykker som har meldt seg.</p> <p>-Digitale verktøy i skulen. Korleis nyttar pedagoger dette? Korleis nyttar ein til dømes KI?</p>	
26	<p><b>Budsjett 2025</b></p> <p>-Øygarden kommune har gått med overforbruk dei første månadene i 2025. Dette fører til at vi må spare inn og skulen har fått ein del tiltak som vi må innføre. Skulen vil blant anna verte ramma på følgande vis:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skulen vil redusere tal på kontaktlærarar frå to til ein per klasse</li> <li>-Det meste av eksterne alternative skuletilbod vil fjernast (t.d TAM, gardstilbod)</li> <li>-Skuleturar / overnatting på 10. og 8. trinn vil fjernast</li> <li>-Innkjøpsstopp. Dette vil blant anna ramme læreremidlar. både digitale og fysiske.</li> <li>-Det vert ikkje tilsett nye. Dersom stillingar vert ledige, skal dei stå vakante.</li> <li>-TUS har per dags dato ikkje overtallighet i høve til tilsette, så slik</li> </ul>	

	<p>det ser ut no er det ikkje nokon av dei tilsette som vil verte omplassert.</p> <p>Dei tilsette på skulen gjer så godt dei kan med dei midlane dei får tildelt, blant anna flytta skulen UNG-framsyninga frå Sotra arena til skulen på kort varsel. Føresette kommenterer at dette fungerte veldig bra.</p> <p>Føresette lurar på korleis skulen vil informere foreldre ved skulen om konsekvensar for skulen knytt til dei økonomiske utfordringa.</p>	
27	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>-Pride-flagg. Skulen har flagg, men å nytte dette er omdiskutert for tida. Skulen stiller spørsmål ved om SU og/eller elevar har noko mot om skulen flaggar med Pride-flagget. Det kjem ingen innvendingar mot dette. Pride-flagget symboliserer mangfald. Fokus på mangfald er i tråd med læreplanverket.</p>	
28	<p><b>Sakar knytt til det psykososiale skulemiljøet</b></p> <p>-Referatførast ikkje.</p>	